



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Aktuelle kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn,
sjå liste

Deres ref

Vår ref

Dato

14/2990 (nn)

10.11.2015

Fylkes- og kommuneretta arbeid med universell utforming 2014 – 2015 – tiltak K2, tilskott mottatt 2014 - sluttrapportering.

Fylkes- og kommunerettet arbeid med universell utforming vart starta med innbyding til alle kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn i brev frå departementet den 2. juli 2014. I 2014 blei det tatt opp 39 kommuner og elleve fylker i tiltaket. Ved tildeling i juli 2015 fikk 25 prosjektdeltakarar ytterlegare midlar ved utviding eller vidareføring av sine prosjekt tilmeldt i 2014. Dette brevet er adressert til dei som fikk tildelig i 2014, men ikkje i 2015.

Frist for sluttrapportering på prosjekt med midlar tildelt i gjennom statsbudsjettet for 2014 kap 0847.71, og som ikkje fikk ytterlegare midler i 2015 knyttet til statsbudsjettet for 2015, er 1. desember 2015. Økonomisk tilskottsrapportering har frist 15. januar 2016.

I samband med første tilsegn om prosjektdeltaking, vårt brev av 17. september 2014, vart det kunngjort at vi ville kome attende til tidspunkt for rapportering gjennom drøftingar på aktuelle samlingar. Det vart følgd opp i brev til alle deltakande kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn i vår utsending 14. januar 2015 som varsla sluttrapportering i oktober/november 2015. Hittil er det berre to kommunar som har sendt inn rapport – Asker og Porsgrunn. Oppland fylkeskommune har i tillegg meldt om status for prosjektet sitt.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersgt 44 / Akersgt 59
(resepsjon)
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Planavdelingen

Saksbehandler
Einar Lund
22245927

Dei aktuelle samlingane har vore Gardermoen 24.-25. november 2014, Bergen 9.-10. mars 2015 og Gardermoen 16. september, sjå <http://uu-k1.no/alle-konferanser-og-samlinger/> . Neste konferanse, som avslutter tiltak K2 2014 – 15, er ein del av *Fornebudagene for universell utforming 1. – 3. desember 2015*. Departementet samarbeider med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet om arrangementet. Det fylkes- og kommuneretta arbeidet gjennom tiltak K2 *Universell utforming mot nye høyer* har si samling 1. – 2. desember som ein åpen konferanse – *Det skjer i kommuner og fylker* - for alle interesserte. Sjå heile programmet under lenka her: www.uu-k1.no

Ei hensikt med tiltak K2 er å formidle eget arbeid og røynsler til motivasjon for andre. Kommunar med tildeling i 2015 hadde frist 1. november med rapporteringa. På det innkomne grunnlaget har vi difor allereie gjort avtalar med prosjektkommunar om innlegg på konferansen. For å få underlag for ytterlegare førespurnadar er det mogeleg å framskunda innsendinga av eigne prosjektrapportar og ikkje vente til 1. desember.

Formkrava til innsendinga går fram går av vår utsending 14. januar 2015. Ein skal nyttja utarbeida malar:

- *Mal for sluttrapport K2 prosjektmidler 2014-15.*
For formidling gjennom den søkbare databasen for Nasjonale prosjekt for universell utforming i fylker og kommuner (www.uu-k1.no eller www.uu-k2.no) er merking av dei søkeorda som rapporten inneheld heilt naudsynt.
- Skjemaet *Statusrapport - K2 - 2014-15* er ein hjelp for eigen statusvurdering av nådde mål og departementet si samla vurdering. Dette skjemaet skal ikkje publiserast, men skal brukast for å identifisere prosjektet sin tilknytning til dei fire nasjonale måla som gjeld for tiltak K2.

Det er utarbeid rettleiar til skjemaet statusrapport. Begge malane og rettleiaren er lagt ved. Dei kan òg hentast frå <http://uu-k1.no/dokumenter/>.

For rapporteringa ber vi om at materialet får filnamn på denne måten:

- *Sluttrapport K2 2014-15 prosjektnavn kommune/fylke – (+ dato)*
- *Statusrapport K2 2014-15 prosjektnavn kommune/fylke – (+ dato)*

Innsending av materialet skal gjerast som vedlegg til brev adressert til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Planavdelingen (adresse se under), men sendt elektronisk til postmottak@kmd.dep.no med kopi til elu@kmd.dep.no. Statusrapporten skal leggst ved som exel-fil.

Økonomisk tilskottsrapportering skal skje innan 15. januar 2016. Midla skal nyttjast etter føresetnadane. Om naudsynt skal departementet og Riksrevisjonen kunne få innsyn i bruken av tilskottet.

Med helsing

Erik Vieth Pedersen (e.f.)
avdelingsdirektør

Einar Lund
seniorrådgjevar

3 vedlegg (både i pdf og world-/exel-format)

Adressater:

Fylkeskommunar og fylkesmenn i:

Hordaland
Sogn og Fjordane

Kommunane:

Høyanger
Lesja
Ullensvang herad
Ørsta

Likelydande brev (bokmål) er sendt til flg. adressater:

Fylkeskommunar og fylkesmenn i:

Buskerud
Oppland
Østfold

Kommunane:

Asker
Askøy
Flakstad
Lindås
Loppa
Nordre Land
Oslo
Porsgrunn
Rennebu
Rindal
Skien
Vestre Toten